



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tormod Meisingset, 71 25 84 04

## Tiltak i vassdrag - Stranda - Fausa kraftverk - detaljplan for miljø og landskap

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Rørgata ved Fausa kraftverk skal byttast ut med ei ny som skal nedgravast i hovudsakleg ny trasé. Vedtak om konsesjonsfritak vart gjeve i 2021, og ligg til grunn for arbeidet.

### Vår vurdering

Det største inngrepet innafor Statsforvaltaren sitt ansvarsområde vil vere graving i myr med mogleg utslepp av klimagassar, reduksjon i økosystemfunksjon og naturtypens eigenverdi. Lette maskinar skal nyttast der det er mogleg. Det skal vidare brukast tettesjikt av knuste masser og fiberduk for å redusere dreneringseffekten og prøve og opprettehalde vasstilsig til myrområda. Det vurderast at dei negative verknadane vil vere begrensa, og at det ikkje finns andre realistiske trasèalternativ.

Naturfagleg undersøking har vorte gjennomført av Bioreg AS, kor heile inngrepsområdet vart kartlagt for artar og naturtypar, med ingen særskilte funn.

Rørgata vil krysse fleire mindre bekker. Vi ber om ei ekstra vurdering på om desse har årssikker vassføring før anleggsstart. Vi vil anbefale at det vert teke bilete av bekkene som fotodokumentasjon, slik at ein ved reetablering kjem så nære opprinneleg naturtilstand som mogleg. Det same gjeld kryssing av Fausaelva med anleggsveg ved bruk av vad.

### Konklusjon

Entreprenør må på best mogleg vis ivareta dei naturverdiar som vert råka ved anleggsgjennomføringa. Opplæring/kursing av maskinførarar frå ein fagkyndig økolog (myr og vassdrag) kunne med fordel vore påkrevd før oppstart av anleggsarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
underdirektør

Tormod Meisingset  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga

Fylkeshuset